



Innst. S. nr. 194

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

St.prp. nr. 44 (2008–2009)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til deltakelse i beslutning i EØS-komiteen om innlemmelse i EØS-avtalen av fellesskapsprogrammet for vern av barn som bruker Internett og annen kommunikasjonsteknologi (Sikrere Internett) 2009–2013

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Fellesskapsprogrammet for vern av barn som nyttar Internett og annan kommunikasjonsteknologi (Sikrere Internett) 2009–2013 vart formelt vedteke i EU 16. desember 2008 ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1351/2008/EF. Foremålet med programmet er å fremje sikker bruk av Internett og annan kommunikasjonsteknologi blant barn og unge, og å motkjempe ulovleg og skadeleg innhald.

Programmet skal vare i fem år frå 1. januar 2009 og er ei vidareføring av programmet Sikrere Internett Pluss (2005–2008), som Noreg har teke del i sidan 2006.

Deltakinga i det nye programmet inneber økonomiske plikter for Noreg over fleire år. Det totale budsjettet til det nye programmet vil vere på 55 millionar euro over fem år. Det vil seie 11 millionar euro per år.

Det går fram av meldinga at "Sikrere Internett" har som mål å fremje sikker bruk av Internett og annan kommunikasjonsteknologi blant barn og unge, og å motkjempe ulovleg innhald og skadeleg åtfærd ved bruk av direktekopla teknologi. For å nå målet vil programmet særleg leggje vekt på praktisk informasjon til barn, foreldre, omsorgspersonar og lærarar.

Programmet skal leggje til rette for tiltak mot ulovleg innhald, fremje eit sikkert Internett og syte

for auka medvit rundt risiko og kva rådgjerder som bør setjast i verk.

Programmet vert utvida med to nye punkt samanlikna med tidligare. Dette gjeld særlege tiltak for å verne utsette barn mot barnelokking og mobbing gjennom digitale medium og for å samle meir informasjon om korleis barn nyttar ny teknologi. Vidare vil det nye programmet i større grad ha fokus på nyare kommunikasjonstenester, slik som nettsamfunn/sosiale medium.

Det går fram av meldinga at kampen mot ulovleg, skadeleg og uønskt innhald på Internett (og ved bruk av annan kommunikasjonsteknologi), best kan først gjennom internasjonalt samarbeid. Dei nasjonale tiltaka kan såleis gjennomførast meir effektivt, ved koordinering med tiltak utanfor landegrensene. Den auka utbreiinga og bruken av ny teknologi blant barn gjer det viktig å halde fram med og utvikle arbeidet på området.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunn Karin Gjøl, Britt Hildeng, Espen Johnsen og Tove Karoline Knutsen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Olemic Thommessen, fra Sosialistisk Venstreparti, May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, lederen May-Helen Molvær Grimstad, fra Senterpartiet, Trond Lode, og fra Venstre, Trine Skei Grande, slutter seg til Regjeringens forslag om deltagelse i programmet Sikrere Internett 2009–2013. Komiteen viser for øvrig til at programmet er en vidareføring av Sikrere Internett Pluss 2005–2008 hvor Norge har deltatt siden 2006.

MERKNADER FRA UTENRIKSKOMITEEN

Utkast til innstilling har blitt forelagt utenrikskomiteen som slutter seg til innstillingen uten merknader.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Stortinget gir samtykke til deltakelse i beslutning i EØS-komiteen om innlemmelse i EØS-avtalen av fellesskapsprogrammet for vern av barn som bruker Internett og annen kommunikasjonsteknologi (Sikrere Internett) 2009–2013.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 2. april 2009

May-Helen Molvær Grimstad

leder

Ulf Erik Knudsen

ordfører